

Også i Uskedalen blir det ein minnemarkering av det grufulle som skjedde i Oslo og Tyrifjorden.

Markeringa vil finna stad i kyrkja onsdag kveld frå klokka 18 til 19 opplysar Elin Legland til uskedalen.no.

Programmet er førebels ikkje klart, men det er på det reine at sokneprest Kristian Due vil delta. Det har vore markeringar fleire stader, til dømes i Mauranger med over 60 frammøtte i den vesle bygda og med 1.000 på Husnes.

Ikveld kjem turen til Rosendal med rosetog frå rådhuset klokka 18. Der spelar Brazzooka og Tonje Solheim syng, Bente Bondhus vil halda appell. Toget går til kyrkja der det er lystening.